

BYRÅKRATI

Hakk i plata

Viser til innlegg fra Henrik Solbu i KSL Matmerk i Natio-nen 1. februar. Han sier som vanlig at nå skal KSL-syste-met gjennomgåes for å se på forenklinger og forbedringer. Denne leksa har vi hørt i over 10 år, men papirmølla er blitt bare verre for bonden. I tillegg har det som før var tillegg i pris-en for oppfylte KSL-krev, nå blitt trekk i målprisen. Dette trekket er i strid med loven og jordbruksavtalen, og dette for-hold har jeg engasjert advokat i. KSL har bestått i 13 år og gitt følgende resultat. Det er brukt hundrevis av millioner til ingen nytte. Aldri har det blitt levert så mange skitne storfe på slak-teriet som nå, det gjør faktisk hver sjette bonde.

KSL er økonomisk og psy-kisk belastende for det store flertall av bønder, og er en sterk bidragsyter til bruksnedleg-ging. Og når Nationen 25.08.07 spør leder i KSLs koordi-natingsutvalg Amund Spangen om følgende: Men har vi tall som viser at kvaliteten er økt med KSL? Så svarer han: Det er det umulig å svare på. Hvis ikke han vet det, så er det ingen andre som gjør det heller.

KSL-revisorene setter seg selv over lovverket og alle til-syn når de reviderer gården. Sånn bakstreverske folk kan vi ikke ha til tilsyn på våre gårder. Jeg er for kontroll og god kvalitet på varene, men dagens system er for å si det mildt, uten betydning for kva-liteten på varene som produ-seres. KSL favoriserer ikke og frembringer ikke bedre mat-kvalitet.

Jeg kunne tenke meg et system helt uten dagens KSL. Der hver gård en gang for året fikk utsendt en sjekkliste hvor det er opplistet hva Mattil-synet sjekker når de er ute på inspeksjon. Denne lista er til internt bruk for bonden, og da vet bonden hvilke krav som gjelder når Mattilsynets bil står på tunet. Samtidig så vil jeg ha et varslingssystem for produsenter som er gjengan-gere med å levere dårlig vare. Da blir Mattilsynet varslet og produsenter får besøk av Mattilsynet, for å se på hva som må rettes opp.

Man kan også spørre hvem er det som må rykke ut og ta ansvar når det oppstår dyre-vernsaker, smittsomme syk-dommer eller farlig mat. Er det KSL som da rydder opp? Nei, da er de som forsvunnet over alle hauger, og til ingen nytte. Det er etter en gang Mattilsynet som må i aksjon. Mattilsynet forholder seg jo tross alt til et juridisk lovverk, med klageadgang, i motset-tning til KSL.

Kort sakt: Fjern hele KSL-luftslottet, og la Mattilsynet gjøre jobben. Dette bremser for bruksnedlegging og gir be-dre matkvalitet.

Arnstein Tømmerås, Leksvik

Trekolmile kan løyse CO₂-problemet

**LARS HYLANDER
FOLKE GÜNTHER
KARL-JANERSTAD**

KRONIKK

Det store miljøtemaet no er driv-husgassar og global oppvarming. Det å fange CO₂ for lagring tyk-kjed både teknisk krevjande og kostbart. Avansert bruk av trekol-mile kan vere miljø- og kostnads-effektivt.

Den norske statsministeren si nytt-årstale-månelanding vert avlyst av tekniske vanskar og høge kost-nader når vi no nærmar oss kon-kretisering og gjennomføring. Reinsing av gasskraftverket på Kårstø og prislapp 20 milliardar er stikkord.

I industriell tid har verda auka CO₂-konsentrasjonen i luft frå 0,30 prosent til 0,36 prosent, og dette byrjar no å gi oss merk-bar problem. Skal vi stoppe den vidare auken, 0,0002 prosent per år, må vi i 2008 fange inn 9.000.000.000 – 9 milliardar – tonn karbon årleg. I så relativt låge konsentrasjonar av CO₂ er det ikkje lett å fange inn igjen, og det er teknisk tungt, nesten uoverkommeleg å få plassert store mengder ned i fjellmassiv etter konsentrering. Faremo-menta ved handtering kjem også inn i debatten, slik som etsing på utstyr av karbonsyre, volum- og trykkproblem, og fare for kve-lingskulker.

Vi ser derimot ei løysing på pro-blemet – rett framfor nasen på oss. Vekstar er utvikla for å ta opp karbodioksid nett på det låge konsentrasjonsnivået. Ved hjelp av solenergi, ikkje olje, kan plan-tane ekstrahere dei forsvinnande små CO₂-mengdene frå atmosfæren. Alle som har sett ein plante, har også sett ein avansert kjemisk fabrikk, utforma for å nyttiggjere seg desse svært fortynna råva-rene.

Problemet med vekstar er at desse dør så smått, og når desse verte brotne ned, går CO₂ tilbake til atmosfæren. Rett nok går dei tilbake med ulik fart, og noko vert atten-de i til dømes kulturjord ganske så lenge. Under nordisk klima kan organisk karbon i nedpløgd halm ha halveringstid frå nokre tiår til om lag hundre år, med stadig tyn-gre nedbrytelege bestanddelar. Organisk karbon av planterestar i jord er viktig, men går etter måten raskt attende til atmosfære. Dette vedrører både bruk av halm til forbrenningsanlegg og irreversi-bel tining av tundra.

Det finst ei meir langvarig løysing på dette problemet: Kol i form av trekol i jorda held stand i titusen-tals år. Om ein framstiller trekol av vekstar, og deretter blandar det inn i jorda, så har ein faktisk tatt bort karbon frå lufta.

Framstilling av trekol er ei ganske billeg løysing. Metoden er vel kjend frå førindustriell tid. Han vart nytta i stor skala av indianarane i Brasil, alt før Columbus, og jordsmonnet går under namnet «Terra Preta», med god stabilitet over tusenvis og titu-senvis av år. Om ein blandar inn biomassekolet i jorda, kan ein dessutan skape ei feit, svart jord med stor vekstaktivitet. Fordi trekolet er ganske stabilt mot direkte mikrobiell nedbryting, løyser det heller ikkje ut ein kamp om nitrogen og fosfor i jorda, eit for-hold som ofte elles fører til av-lingsdepresjon.

Trekol i jorda er ikkje eit sløseri med verdfullt brensel. På grunn av at det er så porøst, den indre overflata av eitt gram kol er like stor som tre fotballbaner, vert næringssstoffa adsorbert til kolet og lekk ikkje ut. Kolet vert fort kolonisert av mikroorganismar og planterøter.

Modernisering av den gamle kol-miletradisjonen er utvikling av nye, mobile pyrolyseanlegg. Avlingsrestar og skogsavfall kan matast automatisk inn i an- legget, og denne transportøren kan drivast av damp (overskot-senergi) frå pyrolysen. Dermed vil dei mest verdfulle gassane (hydrogen, karbonmonoksid, metan) kunne gå til industrielle føremål eller til å bytte ut fos-sile brennstoff. Pyrolysegass til køyretøy kjerner vi frå bruk av knottgenerator i Noreg under krigen. Pyrolyseanlegget sjølv bør kunne drivast fram med ein motor som går på desse gassane. Svartvatnet frå prosessen kan ha industriell nytte, eller vere eit fortynna gjødselvatn på jorda-

realia, for dette vil også vere rikt på mineralske næringsemne.

Vi ser at skogsavfall må tas ut for-siktig og etter nøyne plan, fordi dersom for mykje bar og greiner vert tatt ut, vil også mange mineral fjernast, og det krev ny tilbake-førsel for å sikre skogen sin til-vekst. Skogen veks og jordsmonnet utviklar seg sakte, og uttak av organiske restar kan gi kritisk reduksjon i humusinnhald, noko som gir tilvekstredusjon og næ-ringslekkasje.

Balansen mellom gassutvikling og dannsing av svartkol tilseier at om lag halvparten av det organiske karbonet kan gå til svært langva-rig binding, det som på fagspråket kallast karbonseksvestrering, el-ler på betre nordisk språk kolfast-legging. Fattige jordsmonn vil ha mykje å vinne på dette trekolet, og innsatsen vil følge nytteklas-sifisering etter jordsmonnbonite-ring både i tempererte og tropiske område av kloden. Til dømes vil vi på organisk rike jordsmonn som myr ha liten nyttoeffekt ei innblanding, og gjerne skader ved bruk av tunge maskiner. Lufting av myrjord gir også ekstra CO₂-dannsing. Styrken av metoden ligg klart på mineraljord.

Eit miljø- og nærlieksprinsipp er grunnleggande. Denne prosessen og utnytting av innsatsfaktorar og sluttprodukt må skje mest muleg lokalt, for alle lange transportar skadar sjølv sagt heile føremålet.

Økonomien i dette må sikrast ved at arbeidet betalast i form av om-settelege CO₂-kvotar. Det er gjort fleire reknestykke på dette. Eit realistisk tal er at den som slepper ut CO₂, må betale 90 øre per kilo.

Kol i form av trekol i jorda held stand i titu-sentals år.

Fører ein desse pengane til den som fører biomassekol til jorda, skulle dette gi 3300 kroner per tonn karbon. Ei topp avling, til dømes av industrihamp, kan gi 20 tonn tørrstoff per hektar, og prosessen kan gje i minimum 6 tonn biomassekol på dette arealet. Dette skulle gje opp mot 20 000 kroner per hektar til den som dyrkar og prosesserer. I tillegg kjem verdien av pyrolysegassane.

Direkte avlingsverdi av kveite i No-reg er til samanlikning kr 2,40 * 5 tonn/ha = kr 12.000. Men også her kan halmen gå til trekolpro-dukasjon (inntil 1,5 tonn/ha), og gi eit økonomisk tilskot.

Ein amerikansk forskar, Johannes Lehmann ved Institutt for jord-og plantefag ved Cornell University, reknar det som kurant i USA å kunne fange inn 10 prosent av eigne utslepp ved denne metoden (Nature 447, 2007).

Dette viser at i tillegg til jord- og plantefag og teknikk har vi også eit stykke å gå med politisk og økonomisk tilrettelegging, men det verkar å ha kome eit klima i samfunnet for dette i dag.

Lars Hylander er dosent ved Uppsala Universitet

Folke Günther er daglig leder i økobedriften Holon AB

Karl-Jan Erstad er forskar for Rådgivande Agronomar AS



UTSLEPP: Å fange og lagre overflødig CO₂ er vanskeleg, men kronikkforsattarane trur dei har funne ein effektiv metode.

Foto: COLOURBOX